



Informasjon om Ny kommune

Dato: 10.mai 2017

Nynorsk versjon

Oppstart av det praktiske arbeidet med kommunesamanslåing av Bø og Sauherad kommunar

I dag har leiing, hovudtillitsvalde og hovudverneombod vært samla på Norsjø hotell for å utforme ein programplan for korleis samanslåinga praktisk skal gjennomførast og organiserast.

I starten av møte var dei to ordførarane med for å gjere greie for politiske føringar for samanslåinga.

Målsettinga er å skape ein kommune som etter 1.1.2020 skal yte betre tenester til innbyggjarane en kva dei to kommunane gjer kvar for seg i dag.

Prosesen er føreslegen organisera som eit program der politikk, administrativ leiing, tilsette, tillitsvalde og vernetenesta jobbar saman for å oppnå dei målsettingane dei to kommunane har satt opp i felles intensjonsavtale.

Samstundes er rådmannen i gang med å definere det yfste administrative leiarnivå. Leiarnivået vil bli dimensjonera slik at det er mogleg å leie samanslåingsprosessen samstundes som dagleg drift blir tatt i vare. Det leggst også opp til ein leiarstruktur som skal kunne takle gjennomføring og iverksetting av omstillinga etter 2020. Effekten av kommunereforma hentast ut i åra etter sjølve samanslåinga.

Åse Egeland
Rådmann i Bø og Sauherad kommune

Per Dehli
Programleiar for kommunesamanslåinga

